

Det hev ei rosa sprunge
(Es ist ein Ros entsprungen)

Det hev ei rosa sprunge
ut av ei rot so grann.
Som fedrane hev sunge:
Av Jesse rot ho rann,
og var ein blome blid
midt i den kalde vinter
ved myrke midnattstid.

Om denne rosa eine
er sagt Jesajas ord.
Maria møy, den reine,
bar rosa til vår jord.
Og Herrens miskunnsomt
det store under gjorde
som var i spådom sagt.

Guds rosa ljuvleg angar
og skin i jordlivs natt.
Når hennar ljós oss fangar,
ho vert vår beste skatt.
Me syng i englelag:
No er det fødd ein Frelsar,
og natti vart til dag.

Tekst: Frater Conradus mellom 1582 og 1588, delvis omforma av Michael Prätorius som fekk salmen prenta i 1609; strofe 3 av Friedrich Layritz 1844.

Til norsk ved Peter Hognestad 1919 (strofe 1) og 1921 (strofe 2 og 3)

Melodi: Michael Prätorius (1609)

Kjelder: Ivar Grimstad (red): *Songbok for pensjonistlag og andre lag*, 2. utgåva 1987

Det lyser i stille grender, 2000